



Nordhordland Bibelsenter
Alværmarka 39
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1103 - 17/12150

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

27.04.2017

Avvising av søknad om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel gbnr 137/723 Alver

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:

Nordhordland Bibelsenter

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.03.17

Planstatus

Reguleringsplan for Buheim

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Vatn og avløp (VA), tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra auka bruk.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Det er søkt om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel for sløydsal og grupperom i bygget. Etter det vi kan sjå er heile bygningen registrert til næring som forretningsbygg. Det vil difor være naudsynt med bruksendring av heile bygningen. Ei slik bruksendring er søknadspliktig med krav om ansvarsrett.

Vi gjer i tillegg merksam på at det ved eventuell søknad om bruksendring også må søkast om dispensasjon frå arealføremålet på eigedommen då det i dag er avsett til forretning. Ved

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



bruksendring må det også hentast inn samtykke frå arbeidstilsynet og uttale frå miljøretta helsevern og brannvernmyndighet for heile bygningen.

Vi ser at det er starta opp arbeid med planendring for Stølsmarka. Byggesak kjenner ikkje til kva som er planlagt i dette arbeidet. Vi vil tilrå at endring av arealformål vert ein del av denne endringa.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om bruksendring frå tilleggssdel til hovuddel avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1103

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Nordhordland Bibelsenter

Alværmarka 39

5911

ALVERSUND